

## **Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 26.10.2021**

**Tom Hiis Bergh (V)** stilte spørsmål kring eiga habilitet, då han er tilsett i næringsavdelinga i Bergen kommune. Hiis Bergh gjekk frå under vurderinga. Hovudutval for næring vedtok samråystes at Hiis Bergh var habil. Hiis Bergh tiltredde sakshandsaminga.

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samråystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Fylkestinget vedtek eit treårig partnarskap med Bergen kommune om Havbyen Bergen som vist i saksframlegget
2. Vestland fylkeskommune og Bergen kommune skal ha ein representant kvar i styret av Havbyen Bergen. Styret skal leiaast av fylkesordførar. Næringsbyråd i Bergen kommune skal vera nestleiar.
3. Fylkesdirektør vert gitt fullmakt til å bidra til å slutføre prosess fram mot at samarbeidsavtalen om Havbyen Bergen vert vedtatt av dei respektive partane. Dette inkluderer fullmakt til å gjera mindre endringar og revisjonar av avtalen.
4. Fykeskommunal finansiering vert handsama i samband med budsjett 2022/økonomiplan 2022 - 2025. Fylkestinget løyver kr. 1 000 000,- i budsjett 2022 og vil løyve kr 1.000.000.- årleg i 2023 og 2024 for finansiering av drift og administrasjon av prosjektet.
5. Vestland fylkeskommune si finansiering føreset at andre partnarar bidreg finansielt i samsvar med sluttrapport frå forprosjekt.
6. Rapport for prosjektet vert lagt fram for fylkestinget årleg. Prosjektdeltaking vert evaluert haust 2022 med omsyn til om ein lukkast med å hente inn eksterne økonomiske bidrag og/eller eigeninnsats frå næringsliv og organisasjonar.